
Vår referanse 2020/62701-5
Dato 09.11.2020

Svenn Hauge
Mykingvegen 761
5913 EIKANGERVÅG

Førebels svar - Søknad om godkjenning - Ny avkøyrsl - Fv. 5464 Mykingvegen - Gnr 29 bnr 3 m.fl - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om avkøyrsl frå fylkesveg 5464 Mykingvegen til gnr. 29 bnr. 3 i Alver kommune. Vi viser til vårt førebelse svarbrev og di puring på svar 19.10.2020.

Du har tidlegare fått løyve til å opparbeide ny avkøyrsl frå fylkesveg 5464. Dette løyve gjekk ut på dato i 2014.

Vi vil behandle søknaden din som om den var ny. Vi må legge til grunn dagens praksis når søknaden vert behandla.

Du seier at avkøyrsla skal vere til ein bustad og to fritidsbustader. Du seier ikkje om desse bygd eller om det nybygg. Du må først kontakte Alver kommune for å avklare byggesøknaden. Dersom tiltaket ditt treng dispensasjon frå plan, skal Vestland fylkeskommune ha saka tilsendt på høyring.

Søknaden omfattar og etablering av ny tilkomstveg. Du må legge ved oppdaterte kart i målestokk M1:500 eller M1:1000 som syner trase for tilkomstvegen.

Det går fram av løyvet du fekk i 2011 at ei ulovleg anlagt avkøyrsl skulle stengast. Vi ber om ei snarleg tilbakemelding frå deg om denne stenginga er utført.

Du må i første omgang avklare tiltaket mot Alver kommune, som er rett mynde for arealbruken. Når søknaden er komplett vil vi vurdere den, og uttale oss både som samferdselmynde og som regional sektormynde for kultur.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4